



TILLEGGSSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 03.12.2020
Møtetid: Kl. 08:30
Møtestad: Fjernmøte via Teams

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
105/2020	20/1000	Bruk av ekstratilskot, Reistadliane 39	
106/2020	20/1001	Spørsmål om forlik i sak om vassløysing Krekavegen	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 20/1000	Løpenr: 20/10751
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	03.12.2020	105/2020

Bruk av ekstratilskot, Reistadliane 39

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Resten av ekstratilskotet på 1,1 millionar kroner som kommunen har fått i revidert nasjonalbudsjett 2020 vert disponert som følgjer: 1. Skifte av utvendig tak, nytt ventilasjonsanlegg og ombygging av el-tavle Reistadliane 39 (det gamle barnehagebygget i Nordbygda), kr 780 000, som følgje av nødvendig bruksendring til omsorgsbustad/utleigebustad. Kr 50 000 i ekstrakostnader til elektrisk installasjon vedrørende ventilasjonsanlegget ved ungdomsskulen, kjem i tillegg.

Manglande finansiering på kr 180 000 vert henta frå ubrukt løyving til renovering, og kr 170 000 vert finansiert med ubrukte lånemidlar.

Kva saka gjeld:

I revidert nasjonalbudsjett 2020 har Samnanger kommune fått 1,1 millionar kroner i ekstra tilskot til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Dette er eit av dei såkalla koronatiltaka frå styresmaktene. Føremålet med tilskotet er å medverka til auka aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, og dessutan å henta inn noko av vedlikehaldsetterslepet i kommunane.

Dette er eit eingongstilskot for 2020. Midlane må verta brukte på prosjekt som startar opp i 2020, det vil seia at kontrakt med entreprenør må inngåast i 2020. Midlane skal bli brukt til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtekne prosjekt, i kommunen sitt opphavlege, vedtekne budsjett for 2020. Midlane skal ikkje gå til investeringar i nybygg/nyanlegg, bortsett frå mindre investeringar som ikkje i vesentleg grad fortreng andre vedlikehalds- og rehabiliteringsprosjet. Tilskotet kan ikkje brukast til lønn for noverande tilsette i kommunen.

Saka var til handsaming i kommunestyremøte den 16. september 2020. KS- 062/2020 Vedtak: Punkt 1 i rådmannen sitt framlegg vert utsett og kjem opp igjen som sak i kommunestyret 03.12.2020. Punkt 2 i rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Punkt 1 omhandlar Reistadliane 39.

Vurderingar og konsekvensar:

Etter å ha gjort ei vurdering av andre alternativ, er det bestemt at undervisningsbygget i Nordbygda (Reistadliane 39) skal endrast til utleigeleiligheiter/omsorgsbustad. Bygget har behov for oppgradering. Det er lekkasje i taket og ventilasjonsanlegget må skiftast ut. Vidare må det innstallerast strømmålarar per eining.

Me har innhenta pris på skifte av utvendig tak, ny ventilasjon (Tek 17 gjeld, grunna bruksendring) og ombygg av el.tavla.

Samla kostnadkjem på kr 780 000 eks mva.

I tillegg til dette kjem ekstrakostnader i samband med punkt 2, ventilasjon ved ungdomsskulen. Ekstrakostnadene vil komme på om lag kr 50 000, og gjeld elektrisk installasjon vedrørende ventilasjonsanlegg.

Sum tilskot er kr 1 100 000. Frå før er løyvd kr 619 300 til ventilasjon ved ungdomsskulen. Resterande sum er då kr 480 700. Dette gjev ein manko på knappe kr 350 000.

Det er om lag kr 180 000 av ekstra løyving til renovering i 2020 som ikkje er brukt per medio november. Dette kan inngå i finansieringa av tiltaka i Reistadliane 39. Restsum på kr 170 000 kan finansierast med ubrukke lånemidlar.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 20/1001	Løpenr: 20/10808
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	03.12.2020	106/2020

Spørsmål om forlik i sak om vassløysing Krekavegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev rådmannen fullmakt til å gå i rettsmekling, og til å inngå forlik og til å avslå tilbud om forlik.

Dokument som er vedlagt:

Krekavegsaka_skriv til kommunestyret_17.11.2020_versjon D_27.11.2020
Vedlegg 1.1 Skriv frå Olav Tveiterås
Vedlegg 1.2 Brev fra Gottfred Haga_26.08.2017
Vedlegg 1.3 Skriv frå Johannes M Tysse_
Vedlegg 2.1 Bekymringsmelding fra JOH og TT_311014
Vedlegg 2.2 Bekymringsmelding frå Johannes M Tysse
Vedlegg 3 Epost fra Teknisk eining ved Ragnhild Lønningdal
Vedlegg 4 Vedtak i Naturutvalet 15.04.2015
Vedlegg 5 Tilbod frå Øyvind Grindheim
Vedlegg 6 Vedtak i Formannskapet datert 26.08.2015
Vedlegg 7 Klage frå Helge Åsheim til Samnanger kommune
Vedlegg 7.1 Møteprotokoll_frå_møte_i_kontrollutvalet_samnanger_kommune_16.09.2015
Vedlegg 8 Brev Teknisk og eigarskap til vassleidning_26.09.2016
Vedlegg 9 Referat frå møte 10.02.2018
Vedlegg 10.1 Spørsmål om opprydding i arkiv
Vedlegg 10.2 Kvittering for deponert arkiv
Vedlegg 10.3 Brev frå Arkivverket 08.03.2019
Vedlegg 11.1 Brev frå Fylkesmann av 18.09.2017
Vedlegg 12.1 Epost fra IKA datert 14.06.2019
Vedlegg 12.2 Arkivmateriale Del 1
Vedlegg 12.3 Arkivmateriale Del 2
Vedlegg 12.4 Arkivmateriale Del 3
Vedlegg 13 Epost til RL og svar frå HLV
Vedlegg 14.1 Referat frå møte 11.09.2018
Vedlegg 14.2 Epostar frå rådmann Hageberg

Vedlegg 15 Avtaleforslag frå Samn.k ved advk. Nødtvedt
Vedlegg 16.1 Forslag til prosjektert trasse VA til Indre Tysse
Vedlegg 16.2 Notat frå Johannes M Tysse
Vedlegg 17 Hendingar i Krekavegsaka og kostnader rettshjelpar
Timene i Krekavegen
Krekavegsaka_tilleggsskriv til kommunestyret_01.12.2020

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunen sine arkiverte dokument i saka.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld ein tvist om ei vassledning. Sjå vedlegg for nærare info og kartopplysningar.
Kommunestyret ba i møtet i formannskapet 12 november, om at rådmannen utgreier spørsmålet om forlik til kommunestyremøtet 3 desember.

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannen vil gje ei munnleg orientering i møtet.

Framlegget til vedtak er at Samnanger kommune gjev rådmannen fullmakt til å gå i rettsmekling, og til å inngå forlik og til å avslå tilbod om forlik.